

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 14.05.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING 14.05.20

Smittestatus i Volda. Til no er det testa 459 personar i Volda kommune, vi har ikkje fått tilbake fleire positive prøvesvar sidan 11. mai. Siste før det var 26. mars. Totalt har 6 personar testa positivt i Volda.

Volda kommune har fått svar på prøvene som vart teke av nærkontaktene til personen vi fekk positivt prøvesvar på 11. mai. Desse vart testa 12. mai, ingen av dei var testa positivt.

Den 12.05.20 vart det testa 30 personar. I går 13.05.20 vart det testa 13 personar.

Ny plassering av teststasjonen. Prøveteltet vart flytta til Hamna 20, på den bakerste parkeringsplassen. Det er godt skilta sli at dei som skal ta prøve skal finne fram. Alle som skal ta test må ha avtale gjennom Volda legesenter. Ring Volda legesenter på telefon: 70 05 89 00 - på kveld tlf: 116 117 for å få avtale.

Kommunen har opna for å teste alle med symptom på forkjøling, feber og luftvegsinfeksjon.

Skuleskyss vil kunne bli ei utfordring når avstandskrav og smittevernet skal takast i vare på bussen. Det vert difor igjen oppmoda om at foreldre som har høve til det skyssar eigne barn til og frå skulen. Kommunen er i nær dialog med Fylkeskommunen om organisering av dette tilbodet.

Utvida opningstid i barnehagane Dei kommunale barnehagane har som mål å utvide opningstida gradvis og kontrollert. Frå måndag 18. mai vert opningstida difor utvida med ½ time.

Den ytre opningstida blir då frå 08.00 til 15.30, der borna får tilbod om 6,5 time opphald. Dette blir opningstida fram til 8. juni. Austefjord barnehage vil innanfor ytre opningstid 07.45 – 15.45 kunne tilby 7 timar opphald pr dag. I mellomtida vil det bli gjort nye vurderingar kring vidare auke i opningstida gjeldande frå 8. juni.

Det er på bakgrunn av erfaringane med drifta dei siste vekene samt noko større handlingsrom i den reviderte smittevernrettleiaren at ein finn utviding av opningstida forsvarleg.

Foreldrebetaling i barnehage og SFO

Regjeringa har vedteke at foreldre som har barn i barnehage eller SFO skal betale for tilbod dei mottek etter 14. april. Dette er nedfelt i eiga forskrift.

Forskrifta slår fast at det skal krevjast ordinær betaling uavhengig av omfanget av tilbodet som vert gitt.

Det vert kravd betaling for barnehageplass frå 21. april (20. april Austefjord) og frå 27. april SFO.

Foreldre som har motteke tilbod om tilsyn i perioden 14. april fram til opning av kommunale barnehagar 21. april (20. april Austefjord) og SFO 27.04, skal betale for plassen på vanleg måte for dette tidsromet.

Føresette som vel ikkje å bruke plassen i barnehage eller SFO, må betale for tilbodet. Dette gjeld også frå 21. april (20. april) for barnehage og 27.04 for SFO.

- Det vert med det første sendt ut faktura for mars og april. På fakturaen vil det stå ½ sats for mars og kr. 0,- for april.
- Dei som har faste trekk og på den måten betalt heil sats for mars, får dette godskrive.
- Betaling for perioden 14. april – 30. april vert lagt på fakturaen for mai.

Kinoen opnar. Volda filmteater er klart til opning. Første framsyning er fredag 15.05 kl. 18.15. Vi har også framsyningar laurdag 16.05, men ikkje 17. mai.

Hald ut og følg råda. Dette er særleg viktig no når ein opnar opp att samfunnet at alle fyl dei smittevernråda som gjeld. Den einkilde sin innsats er avgjerande for at vi kan unngå lokal krisetilstand.

Ikkje ver redd for å ta kontakt!

Hjelp til å gjere innkjøp. Personar med luftvegssymptom skal ikkje gå i butikken eller på apoteket. Du kan kontakte frivilligsentralane for å få hjelp. Frivilligsentralen i Volda: 917 25 639 Hornindal Frivilligsentral: 415 12 813

Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus. Har du tankar eller uro i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 915 98 370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

Samtaletilbod. Volda kyrkje har samtaletilbod, tlf 70 07 40 90, kvardagar.

Ynskjer du telefonven? Volda Røde kors har lang erfaring med besøksven, og tilbyr no telefonvener. Lokal kontaktperson er Sigrid Bjerkvik. Tlf.476 37 455.

Treng du ein turven? Å spasere seg ein tur er bra både for kropp og sinn, og har ein nokon å dele turen med kan det også verte ein god prat. Med rett avstand til turvenen er det trygt for smitte. Ynskjer du nokon å gå tur i lag med? Kontakt Frivilligsentralen på tlf, 917 25 639, vi har kontakt med frivillige som vil vere turvener.